

Årdal kommune  
Statsråd Evensensveg 4  
6885 Årdalstangen

Dykkar ref.:

Vår ref.:

52101270/52101270\_Søknad om mindre endri.docx

Dato:

2021-05-25

## ► Søknad om mindre endring av reguleringsplan for fv. 53 Holsbru

Med heimel i pbl § 12-14 vert det søkt om mindre endring av reguleringsplan for fv. 53 Holsbru, vedteke 28.03.2019.

I samsvar med lovendringa i 2017 og ønskje om å effektivisere planprosessen er høvet til å gjere endringar i reguleringsplan utan full planhandsaming vorte betydeleg auka. Mindre endring er no definert som «når endringa i liten grad vil påverke gjennomføringa av planen for øvrig, ikkje går utover hovuddrammene i planen, og heller ikkje råkar ved omsynet til viktige natur- og friluftsområde».

I samsvar med føresetnadane i lovteksten vert det søkt om følgjande mindre endring:

- Endring av arealføremål for deponiområde frå Annan veggrunn – teknisk anlegg (deponi) til Masseuttak

### Endring av arealføremål for deponiområde frå Annan veggrunn – teknisk anlegg (deponi) til Masseuttak


Planområdet er innanfor g/bnr. 9/1 langs fv. 53 mellom Ljoteli og Holsbru. Planområdet omfattar også areal på begge sider av fv. 53 der Hydro Energi har etablert deponi i samband med kraftutbygging og området ved brøytestasjonen ved Holsbru. Revisjon av reguleringsplanen omfattar arealet som er sett av til deponi.

I arealdel til kommuneplanen er det aktuelle arealet avsett til LNF-område. Kommunen er i gang med ny arealdel til kommuneplanen, der ein tek sikte på å sette av arealet til uttak av massar.

I gjeldande reguleringsplan er det avsett eit areal i underkant av 24 daa til deponiområde, knytt til bygging av tunnel i Ljoteli. Det er plassert tilnærma 100 000 m<sup>3</sup> med tunnelmassar i deponiet. I utgangspunktet skal deponiet lukkast ved ferdigstilling av anleggsarbeidet. Framleggsstillar Olav Vee ønskjer å nyttiggjere seg massane i deponiet til samfunnsnyttige føremål. I møte mellom framleggsstillar, kommunen og Vestland fylkeskommune er det avklart at fylkeskommunen er positiv til at tiltakshavar før tilgang til desse massane.

Til noverande plan er det allereie utarbeida ei ROS-analyse. Som del av planrevisjonen vil det gjerast ei vurdering av om også delar av ROS-analyse treng reviderast som følge av det aktuelle tiltaket.

Den 8. mars vart det gjennomført eit oppstartsmøte mellom kommunen, framleggsstillar og planrådsgjevar Norconsult. Til møtet var det utarbeid KU-vurdering for planendringa. Kommunen har vurdert at planen ikkje krev konsekvensutredning. Kommunen vurderer at prosessen kan gjennomførast som mindre endring, men føreset at det vert utarbeida ein uttaks- og istandsettingsplan som skal følgje søknad om løyve til tiltak.



Figur 1 Utsnitt av gjeldende plankart, som syner deponiområdet

### Samla vurdering

Endringsframlegget kjem som følge av eit ønske om å utnytte massane i deponiet til samfunnsnyttige føremål. Det er ikkje venta at tiltaket vil få vesentlege verknadar utanfor planområdet. Eksisterande deponi er ei vesentleg terrengendring. Uttak av massar og tilstelling vil gje leie til at terrenget får tilnærma det opphavlege uttrykket. Dette vil verte konkretisert i uttaks- og istandsettingsplan. Samla er det vurdert at tiltaket vi ha positiv effekt på landskap og omgjevnadar. Endringa vil ikkje påverke gjennomføringa av planen for øvrig, den går ikkje utover hovuddrammene i planen, og råkar heller ikkje ved omsynet til viktige natur- og friluftsområde.

Med vennleg helsing  
**Norconsult AS**

Cornelis Erstad